

Bykle kommune

# Planprogram

Plan for kommunale vegar 2027-2037



# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn for planen

Bykle kommune skal utarbeide ein kommunedelplan for kommunale vegar, med særleg tanke på å identifisere og prioritere tiltak framover. Det er eit sterkt behov for eit overordna styringsdokument som gir retning for drift, vedlikehald, investeringar og utvikling av det kommunale vegnettet dei komande åra. Planarbeidet er heimla i plan- og bygningslova §§ 4-1 og 11-13.

### **Kommunal planstrategi 2025-2028**

Planstrategien vart vedteke av kommunestyret sak 87/25 i møte 28.08.2025.

Planarbeidet vart skissert med oppstart i 2026, og med slikt innhald:

#### ***Hovudplan kommunale vegar***

*Hovudplan for kommunale vegar skal synleggjere status på kommunale vegar og behovet ein ser for utbetring framover. Planen skal vere eit styringsdokument for å gjere dei rette investeringane til rett tid. Planen skal også innehalde handlingsplan med planlagde tiltak i åra framover med tilhøyrande budsjett.*

## 1.2 Føremål og målsetting

Nullvisjonen gjeld også i Bykle kommune – med mål om at ingen skal bli hardt skadd eller drepne i trafikken.

Målet med kommunedelplanen er å etablere eit oppdatert og kunnskapsbasert grunnlag for drift og vedlikehald av kommunale vegar, prioritere investeringar, sikre samanheng mellom vegnett og arealbruk, og gje politisk styring og føreseielegheit.

Tiltak må settast inn i ein tiltaksplan og oppfølging og iverksetting av ulike tiltak blir avklåra i økonomiplanen.

Det kjem raskt opp ei problemstilling, rundt kva for vegar som skal vere kommunale. Dersom dette skal vere ein del av planprosessen, bør det settast opp og drøftast kva kriterium ein legg til grunn. Når denne gjennomgangen er gjort bør kommunale vegar matrikulerast slik at rett eigedomsinformasjon ligg i kartet.

Kommunedelplanen skal bidra til:

- trygg ferdsel for innbyggjarar og tilreisande
- effektiv drift og god ressursbruk
- klimatilpassing, miljøomsyn og berekraftig utvikling
- koordinering av vegnett med anna kommunal infrastruktur

### 1.3 Plantype, rettsverknad og konsekvensutgreiing

Kommunedelplan for kommunale vegar er ein tematisk kommunedelplan etter plan- og bygningslova (§ 11-1). Det vil seie at den fylgjer plan- og bygningslova sine krav til oppstart, kunngjeringar og medverknad og vedtak.

Planen skal prioritere og samordne kommunen sine tiltak. Tiltak som blir vedtekne i planen, som krev finansiering, må vedtakast kvart år i budsjett eller det blir vedteke ein sum for kvart år i økonomiplanen.

### 1.4 Planområde og avgrensing

Planområdet omfattar heile det kommunale vegnettet i Bykle kommune, inkludert køyrevegar, gang- og sykkelvegar, plassar, snuplassar og tilkomstvegar. Planen vil også ta føre seg andre offentlege og private veger som kommunen har heilt eller delvis driftsansvar for i dag.

## 2 Sentrale føringar

Arbeidet skal bygge på plan- og bygningslova, nasjonale forventningar, statlege planretningsliner, kommunal planstrategi, kommuneplanen, klima- og energiplanen og trafikksikkerheitsomsyn.

### 2.1 Nasjonale føringar

Om veglova:

*Veglova er ei norsk lov som regulerer tilhøva for veginfrastrukturen i Noreg. Den definerer korleis skiljet mellom offentlege og private vegar skal gjerast, og fastset kva for vegar som skal forsørgjast på ulike administrative plan; som riksvegar, fylkesvegar eller kommunale vegar.*

*Formålet til lova er å gi rammer for vedlikehald og tilsyn i tillegg til å fastsette sentrale tilsynsmyndigheiter. Den heimlar også eigedomsinngrep i tilfelle dette er naudsynt av omsyn til bygging, utbetring eller vedlikehald av veg. Lova har også eit tett forhold til plan- og bygningslova, og inneheld særskilte bestemmingar som regulerer korleis regelkollisjon mellom lokale reguleringsplanar og andre avgjerder om vegdisponeringar skal løysast.*

*Bakgrunnen for lova var at det i etterkrigstida var fleire som fekk bil og at ein fekk fleire større trafikkårar gjennom byane, noko som førte til eit større behov for sentralisert styring av vegane, på tvers av reguleringa i kommunar og fylke.*

### Veglova:

*§1 a Offentleg veg er veg eller gate som er open for allmenn ferdsel og som blir halden ved like av stat, fylkeskommune eller kommune etter reglane i [kap. IV](#). Alle andre vegar eller gater blir i denne lova å rekne for private.*

*Til veg blir òg rekna opplagsplass, parkeringsplass, haldeplass, bru, ferjekai eller anna kai som står i beinveges samband med veg eller gate.*

*§ 1 b Formålet med denne lova er å tryggje planlegging, bygging, vedlikehald og drift av offentlege og private vegar, slik at trafikken på dei kan gå på eit vis som trafikantane og samfunnet til ei kvar tid kan vere tente med. Det er ei overordna målsetting for vegstyremaktene å skape størst mogleg trygg og god avvikling av trafikken og ta omsyn til grannane, eit godt miljø og andre samfunnsinteresser elles.*

*§ 5 Alle vegar som utan å vere tatt opp som bygdevegar etter den tidlegare veglova, var haldne ved like av ein kommune, er kommunale vegar etter denne lova, dersom ikkje anna blir fastsett med heimel i lova.*

*Kommunen kan gjere vedtak om å ta opp privat veg som kommunal veg. Jamvel om slikt vedtak ikkje er gjort, er ein veg å rekne for kommunal veg når kommunen har tatt over vedlikehaldet etter reglar i plan- og bygningslova.*

Kommunen har plikt og mynde til å forvalte kommunale vegar i tråd med nasjonale lover.

Eit godt vedlikehald av kommunale vegar er viktig for liv og helse, beredskap, trafikktryggleik og bu-kvalitet.

## 2.2 Regionale føringar

*«Saman gjer vi reisa enkel, trygg og grøn.»*

Dette er slagordet i Regional plan for mobilitet i Agder, 2023-2033, som vidare seier:

*«Det er mål om å gjere reisa tryggare, både for personar og gods. Ei tryggare reise vil spare samfunnet og enkeltpersonar for kostnader. Vi ynskjer at Agder skal vere ein region der vi kan sende barna våre trygt av garde til skule og fritidsaktivitetar.*

*Nullvisjonen, der eit mål om null hardt skada eller drepne i trafikken, er førande for arbeidet. Folk skal kunne køyre bil, buss eller tog utan å vere redde for flaum, ras og skred. Å sikre ei trygg reise handlar i stor grad om å ta vare på det vi har. Vi må vedlikehalde infrastrukturen for å kunne sikre ei trygg reise.»*

## 2.3 Kommunale føringar

Samfunnsdelen av kommuneplanen legg føringar:

*«Mål, strategiar og tiltak konkretiserast i temaplanar og strategiar for sektorane eller for tverrsektorielle tema, som er underordna samfunnsdelen.»*

*«Økonomiplanen utgjør handlingsdelen av kommuneplanen. Prioritering av tiltak frå temaplanar skjer gjennom økonomiplan og budsjett. Satsingsområda vil bli fylgd opp og synleggjort årleg i økonomiplanen og ligg til grunn for vurdering av behovet for nye eller endra strategiar og temaplanar.»*

Om stadutvikling i Bykle og prioritering av satsingsområde:

*«Kommunale ressursar til tilrettelegging og investering kommunal infrastruktur og anlegg i Bykle kyrkjebygd.»*

Om destinasjons- og sentrumsutvikling på Hovden:

*«Samarbeid med Statens vegvesen for å legge om RV9 og utvikle eit trygt og gå-venleg Hovden sentrum»*

Det er no vedtatt at vegen ikkje blir lagt utanom sentrum, men det er framleis eit mål at Hovden sentrum blir gå-venleg.

Andre kommunale planar og dokument, som er relevante for denne planen:

- Trafikksikringsplanen
- Rapport parkeringsplassar i Bykle Kommune 2018
- VEG Norm Bykle Kommune
- Skiltplanar

## 3 Gjennomføring av planarbeidet

Planen vert utarbeidd som ein tematisk kommunedelplan etter plan- og bygningslova. Planen legg føringar for økonomiplan og budsjett.



### 3.1 Organisering

Planen utarbeidast som ein kommunedelplan der kommunen er ansvarleg for gjennomføring av arbeidet. Styringsgruppa er planutvalet i kommunen.

Styringsgruppa blir involvert i drøfting av strategiske og ev prinsipielle retningsval. Den skal involverast i prinsippavgjersler, informerast undervegs i planprosessen og vere delaktige i avgjersler. Planarbeidet skal undervegs presenterast for styringsgruppa, og dei skal gje arbeidsgruppa tilbakemeldingar på retning og prinsippavgjersler.

Styringsgruppa skal vere rådgivande og prosess-styrande og sørge for at planen er i tråd med politiske føringar.

Styringsgruppa kan og vurdere om kommunestyret skal involverast i strategiske retningsval undervegs i prosessen.

Den administrative arbeidsgruppa er samfunnsavdelinga representert med driftspersonale, plan, beredskap og økonomi.

## 3.2 Planprosessen

Planen skal munne ut i ein vedteken plan for kommunale vegar, «*Plan for kommunale vegar i Bykle kommune 2027-2037.*»

Utarbeiding av planen og tiltaksdelen vil vere ein dynamisk prosess som involverer mange og som legg føringar for budsjettet.

### **Varsel om planoppstart og forslag til planprogram**

Leggast fram for kommunestyret som vedtek varsling om planoppstart og å sende forslag til planprogram på høyring.

Varsel om planoppstart og framlegg til planprogram vert kunngjort i avis og på kommunen si nettside, samt at det vert sendt på høyring og offentleg ettersyn.

### **Planprogrammet vert fastsett**

Innkomne merknader blir gjennomgått før planprogrammet blir vedteke av kommunestyret.

### **Framlegg til Plan for kommunale vegar for 2027-2037**

Planen blir lagt fram til drøfting i arbeidsgruppa før handsaming i kommunestyret, som vedtek å sende planen på høyring og offentleg ettersyn.

### **Endeleg vedtak av plan**

Innkomne merknader og innspel vert vurdert og tatt inn i planen etter drøfting i arbeidsgruppa, før endeleg vedtak i kommunestyret.

Tiltaksdelen vert utarbeidd etter vedtatt plan, og skal syne ei opplisting av konkrete tiltak med kostnadsestimat og tidspunkt for planlagd gjennomføring.

Tiltaksdelen skal være et dynamisk dokument som bør oppdaterast årleg og skal gi føringar for budsjett og økonomiplan.

## 3.3 Organisering og medverknad


I samsvar med plan- og bygningslova skal det haldast ein brei medverknadsprosess der det skal informerast om arbeidet og det skal kome innspel frå innbyggjarar, fagfolk og lokalt næringsliv.

Relevante interne fagmiljø, regionale og statlege styresmakter, samt rørde interessentar vert involverte i planprosessen gjennom medverknad og høyring.

## Planprogram til Plan for kommunale vegar 2027-2037

Sende varslingsbrev, informere i Setesdølen og invitere til å kome med innspel via heimesida. Det kan og vurderast digitale løysingar for innspel, til dømes digitalt skjema eller kartløyising. Det skal vurderast grendelagsmøte for medverknad, og det bør gjennomførast møte med aktørar som har driftsoperatør-ansvar på vegne av kommunen.

Arbeidsgruppa jobbar vidare med innspela og vurderer kva for innspel som skal prioriterast i planen.



### 3.4 Framdriftsplan

Kva	Kven	Når
Vedtak om planoppstart og forslag til planprogram.	Kommunestyret	Mars 2026
Varsel om planoppstart og forslag til planprogram leggast ut på offentleg ettersyn og høyring Minimum 6 vekers frist for å kome med merknader til planprogrammet.		
Planprogrammet vert fastsett.	Kommunestyret	Mai 2026
Framlegg til Plan for kommunale vegar for 2027-2037 til offentleg ettersyn og høyring Minimum 6 vekers frist for å kome med merknader og innspel.	Kommunestyret	November 2026
Endeleg vedtak av Plan for kommunale vegar	Kommunestyret	Mars 2027

### 3.5 Vegliste

Vegnamn / Meter/Areal	Veg	Gs-veg	Areal	Matrikkel
Bjåvegen	1500		180	Ingen eigarforhold
Skisentervegen	1300	1400		Bykle Kommune
Breivevegen	5070	870	1300	Bykle Kommune
Kvennebekken bustadfelt	200			Bykle Kommune
Røyrvikvegen	600	550		Bykle Kommune
Røyrvikåsen bustadfelt	800			Bykle Kommune
Langrennsstadion			4100	Bykle Kommune
Skulevegen	800	800	2200	Bykle Kommune
Hovden Grendehus/VGS/Helse	100		5700	Bykle Kommune
Fjellgardane Skule			1500	Bykle Kommune
Veg til Eldretunet	70			Bykle Kommune
El-bil parkering			3350	Bykle Kommune + Privat
Otravegen	750			Bykle Kommune
Hovden sentrum			2100	Bykle Kommune
Hegni og brannstasjon	200		1200	Bykle Kommune
Dagparkering Nord			7000	Bykle Kommune
Dagparkering Sør	270		2000	Privat
Stussli 1, Belglii + Kolmila	1450	350	2200	Bykle Kommune
Stussli 2, Malmv. + Blesterkr.	1000		300	Bykle Kommune
Stussfuttjønn gs-veg		550		Bykle Kommune
Jernvegen	1220			Bykle Kommune
Tuftevegen	430			Bykle Kommune
Hartevatn Industriområde	300		3350	Bykle Kommune
Ørnefjellvegen	2100			Privat
Tykkås avfalls plass	350		1400	Bykle Kommune
Vatnedalsvegen p-plass			380	Privat
Løyningvegen	3650		480	Ingen eigarforhold
Berdalsvegen	1200		200	Privat
Hoslemovegen	1100		100	Ingen eigarforhold
Glidbjørgsvegen	1900		100	Ingen eigarforhold
Smylemovegen	700			Ingen eigarforhold
Øvre Sarv	600			Bykle Kommune + Ingen eigarforhold
Sarvskroken	100			Bykle Kommune
Tussefjellvegen	500		300	Bykle Kommune
Bjårlii	350			Bykle Kommune
Jarevegen	950	350	400	Ingen eigarforhold + Privat
Myri	300			Bykle Kommune
Kyrkjelii	300		250	Bykle Kommune
Håmåren	500	400		Agder Fylkeskommune
Nedre Sarv	900	100		Bykle Kommune
Sarvsvegen	400		3000	Bykle Kommune
Bykle Barnehage		100	1550	Bykle Kommune

## Planprogram til Plan for kommunale vegar 2027-2037

Bykle Samf.hus/-b og u.skule			4300	Bykle Kommune
Bykle Rådhus og NAV	400		1150	Bykle Kommune
Stavenesvegen	4270		500	Ingen eigarforhold + Privat
Sarvsnetten	400		950	Bykle Kommune
Livegen	400			Privat
Henriksentunet			650	Privat
Mosdølvegen	500			Privat
Movegen	900			Ingen eigarforhold
Trydalsvegen	1700			Bykle Kommune
<b>Totalar</b>	<b>40530</b>	<b>5470</b>	<b>52190</b>	

Veglista er forenkla, med avrunda mengder, er *ikkje uttømande*, og er meint som ein illustrasjon i planprogrammet. Fullstendig vegliste er meir omfattande og detaljert, og vil bli brukt i sjølve planarbeidet.

«Areal» i lista omfattar p-plassar og anna areal som kummen driftar.

Viss ein ser på for eksempel *veglengder* som kommunen driftar, er ca. 50% registrert med Bykle Kommune som heimelshavar i matrikkelen, medan dei andre 50% er registrert med andre eller ingen heimelshavarar.